



## Kulturkyrkja i Øygarden gjenopna

**6** Den 27. oktober vart Hjelme gamle kyrkje gjenopna, med kyrjekaffi i naustet.



**8** Avslutningsgudsteneste for prost Erling Kopperud

**4** Englar dalar ned i skjul – før og no

**12** Intervju med Anne Lise Grøm

**13** Intervju med Bjørg Blom

**14** Kyrkjesongfest

**15** Krystallnatta

**18** Lys vaken i Blomvåg kyrkje

**12** Fellesgudsteneste 5. januar i Sotra Arena





## Dette er kontaktinformasjon til Den norske kyrkja i Øygarden frå og med 1. desember 2019

Kyrkjekontoret i Øygarden ligg i Temahuset på Straume og har adresse Tytebærbrekko 2.

### DEN NORSKE KYRKJA I ØYGARDEN

**Ekspedisjonstid:**  
måndag-fredag kl. 10.00-14.00

**Sentralbord:**  
55 09 74 40

**E-post:**  
post.oygarden@kyrkja.no

**Postadresse:**  
Øygarden kyrkjelege fellesråd  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume

**Besøksadresse:**  
Temahuset, Tytebærbrekko 2, Straume

**Nettside:**  
www.kyrkja.no/oygarden



### Takk til alle frivillige

Me takkar nærmiljøutvalet og andre frivillige som stilte opp då Hjelme gamle kyrkje skulle gjenopnast. Det vart gjort arbeid før opninga, under opninga og opprydding etterpå. Takk for ein flott kyrkjekaffi i nausta i Hjelmevågen.

### Takk til Øygarden kommune

Me takkar Øygarden kommune som løyvde pengar til oppussingsarbeidet på Hjelme gamle kyrkje. Me takkar også for byggeleing og oppfølging av arbeidet. Når no snart gamle Øygarden kommune er historie takkar me også for eit godt samarbeid med kommunen, gjennom mange år.

Olav Martin Vik  
Kyrkjevevje

## Redaktøren har ordet

Olav Martin Vik  
Kyrkjevevje/redaktør



«Nå er det jul igjen», er ein enkel song som me ofte høyrer fram mot jul. Både julesongar og julevarer dukkar tidlegare og tidlegare opp. Jula er god butikk. Media fokuserer på julehandelen og butikkane sin omsetning. Priskonkurranse held på å ta knekken på ein del butikkar. Bodskapen om Jesus, vår frelsar, druknar i alt maset og jaget. Vil du ha ro og høyre kva jula eigentleg handlar om, så oppsøk gudstenestene våre, eller andre gode kristelege arrangement. Det kan vere godt å flytte fokus bort frå jaget og maset og søkje stille og ro, under Guds åsyn.

Fleire av våre medarbeidarar sluttar ved utgangen av dette året. Det er vemodig når menneske trer ut av kollegafellesskapet. Prost Erling Kopperud, kontor i gamle Øygarden Anne Lise Grøm og diakonimedarbeidar Bjørg Hindenes Blom vert pensjonistar. Tidlegare har Gunnar Langeland, kyrkjetenar i Sund, gått av med pensjon. Det same gjorde diakon Torbjørn Fjøren. Eg takkar alle desse for tenesta dei har stått i og ønskjer dei alt godt for dagane som kjem.

Nyvalde sokneråd har starta sitt arbeid. Meir enn nokon gong vert arbeidet i soknerådet viktig. Samfunnet er i endring, menneska er meir mobile men og travle. Kjente møteplassar forvitrar. Soknerådet skal lede an det kristelege arbeidet i soknet og arbeide for vekst i kyrkjelyden. Så er det viktig at kyrkjelyden står opp under soknerådet sitt arbeid og medverkar i det frivillige arbeidet.

Eg vil rette ei stor takk til alle mine medarbeidarar som gjennom to år har stått støtt i ein samanslåingsprosess og samtidig utført sitt daglege arbeid. Takk også til dei kyrkjelege råda for godt samarbeid.

Eg ønskjer alle ei velsigna god julehøgtid og takkar for året som snart er omme.

Sjå, eg forkynner dykk ei stor glede, ei glede for alt folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren.

Luk 2:10

## Andakt

# Ei krubbe for vår tid

I kyrkja legg vi ofte stor vekt på det indre livet. Men betyr det at det ytre er heilt uvesentleg?

Det fascinerer meg kor mykje pengar, tid og krefter eg brukar på estetikk! Sjølv er eg oppteken av kunst, interiør og fargar. Ikkje sjeldan tek eg turen innom ein liten designbutikk i sentrum. Eg har også lagt merke til at den kvinnelege delen av husstanden likar å shoppe støvletter. No er ikkje dette spesielt originalt! I vår forbrukarkultur er det normalt å bruke mykje pengar på det ytre. Men gjer det oss til overflatiske menneske? Det trur eg blir for enkelt.

Gjennom det ytre, og det vi omgir oss med, uttrykker vi oss og skaper ein identitet. Estetikk er difor viktig. Å vere oppteken av det skønne og det vakre har lang tradisjon i kyrkja. Gud har gitt oss evne og vilje til å forme og skape gjennom kunst og kultur. Samtidig veit vi at kvar tid har sitt uttrykk og sitt syn på kva som er vakkert.

Maleriet frå altarskapet i Mariakirken i Bergen viser korleis kunstnarar allereie på 1600-talet hadde forstått dette. Klede skapar folk og identitet - difor er alle på biletet kledd etter moten slik den var då.

Skal vi forstå at Gud er til stades i vår tid, må vi våge å male Jesus inn i vår kontekst og i våre liv. Kvar trur du Gud ville plassert Jesu krybbe dersom han skulle blitt fødd i dag? Kanskje ville han blitt fødd på eit asylmottak med ei einsleg mor? Biletet vi har frå stallen i Betlehem lyg ikkje. Dei vise mennene fann ikkje Jesus hos kong Herodes eller mellom dei lærde i tempelet i Jerusalem, men i ein stall der det lukta sveitte og møk. Denne konteksten betyr noko fordi Gud valde den heilt medvite. Når Gud blir fødd inn i vår verd, blir han svak. Han blir utlevert. Han blir sårbar, overgitt til ei fattig kvinne. Det gjer han fordi han elsker oss. Han gjer det for å vise oss kva kjærleik er. Kjærleiken kan ikkje krevje, den kan berre komme oss i møte og seie; sjå her har eg kome deg så nær som eg kan for å vise deg min kjærleik. Gud viser sin solidaritet med oss nettopp ved å velje å bli

Domprost Gudmund Waaler  
Fungerande biskop i Bjørgvin



Utsnitt av alterskapet i Mariakirken i Bergen. Foto: Hilde Smedstad Moore, Universitetet i Stavanger

fødd i eit folk som var forfulgde. Gud kjem til oss der vi er og blir ein av oss, kledd som ein av oss. Også i dag er han vår bror. Han er i lidinga når menneske lir. Han græt når vi sørgjer. Han ler når vi er glade. Han vil la seg finne i vår verd når vi søkjer han.

*Og finner du ham i krybbens hø  
som hyrder så, som hyrder så,  
da eier du nok til freidig å dø  
og leve på, og leve på.*

(Jonas Dahl)

ØyNytt kom første gong ut i april 1974. ØyNytt vert fulldistribuert i Hjelme og Blomvåg sokn.

Det er også mange abonnentar utanfor soknet. Kontingent og annonsar er avgjerande for produksjon og distribusjon av ØyNytt.

#### Kjem ut i 2020:

Redaksjonen vert avslutta ei veke før.



– kyrkjeblad for Hjelme og Blomvåg sokn

**Utgevar:** Øygarden sokneråd  
**Ansvarleg redaktør:** Olav Martin Vik  
**Grafisk produksjon:** Yngvild Mørner Sørheim  
**Trykk:** Bodoni AS

Miljømerket trykksak 2041 0699

**Kontingent:** Kr 125 i Øygarden / Kr 175 utanfor Øygarden

**Takkeannonsar:** Kr 100

**Annonsar:** Kontakt redaksjonen

**Bankkontonummer:** 3628.07.02557 for kontingenter og gåver

**Opplag:** 2500 pr. nummer. 6 nummer i året.



### DEN NORSKE KYRKJA

Øygarden kyrkjelege fellesråd

**Telefon:** 55 09 74 40  
**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no  
**Besøksadresse:** Øygarden kyrkjekontor, Temahuset på Straume  
**Postadresse:** Tytebærbrekko 2, 5353 Straume  
**Informasjon om våre tenester, kontaktinformasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på:**  
[www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden)

**Facebook:** kyrkjaioygarden

**Soknepresten i Hjelme og Blomvåg:** Espen Sigve Tveten  
**E-post:** et838@kyrkja.no

**Leiar i soknerådet og kyrkjeleg fellesråd:** Erling Vik

**Telefon:** erl-vik@online.no

**Org. nr. Øygarden kyrkjelege fellesråd:** 976 995 430

**Bankkonto for gåver:** 3628.55.90870

**Gåver kan du også gje ved bruk av appen** Vipps



## Sokneråda har valt leiar og nestleiar

Leiar og nestleiar vert valt for 1 år om gangen.

### Sund sokneråd:

Leiar: Svein Marius Myklebust  
e-post: svein.myklebust@danielsen-skoler.no

Nestleiar: Bente Aase

### Fjell sokneråd:

Leiar: Jorunn Småbrekke Gjersvik  
e-post: jorunn.gjersvik@bkkfiber.no

Nestleiar: Eigil Nødtvedt

### Foldnes sokneråd:

Leiar: Per Helge Refvik  
e-post: perhelgerefvik@msn.com

Nestleiar: Olav Ingard Fjeldstad

### Landro Sokneråd:

Leiar: Tove Karin Lyngsmo Angeltveit  
e-post: tove.karin@outlook.com

Nestleiar: Dag-Olav Bjørøy

### Hjelme og Blomvåg sokneråd:

Leiar: Erling Vik  
e-post: erl-vik@online.no

Nestleiar: Aina Elisabeth Hellesund

## Julemesse på Vik bedehus

Også dette året kom det mange menneske til julemessa på Vik bedehus. Inntektene frå salsmessa gjekk til Norsk Luthersk Misjonssamband og Vik bedehus. Rundt 70 000 kr var resultatet.

## Bli med i eit husfellesskap!

Eit husfellesskap er ei mindre gruppe menneske som samlast regelmessig. Samtale og spørsmål om kristen tru er viktige element i samlingsane. Det er låg terskel for å verta med og for mange har slike grupper ført til gode relasjonar og verdifulle opplevingar. I Hjelme og Blomvåg sokn har me grupper som gjerne vil ha fleire deltakarar. Me har grupper for menneske i ulike alderar. Er du interessert, så ta kontakt med prest Espen Tveten på et868@kyrkja.no - han vil hjelpa med å føre deg inn i ei eigna gruppe.

## Ny kantor/kyrkjelydsmusikar i Hjelme og Blomvåg sokn



Øystein Steinsland (46) er tilsett som kantor/kyrkjelydsmusikar i Hjelme og Blomvåg sokn og tek til i stillinga 01.02.2020. Han kjem frå stilling som musikk-skulelærer i Lærdal og Aurland. Steinsland har også vore fast vikar for kantor i Aurland. Han er utdanna kantor, har vidareutdanning som organist og har også praktisk pedagogisk utdanning innan musikk.

Me ønskjer Øystein velkommen i kyrkjestaben i nye Øygarden.


Olav Martin Vik  
Kyrkjeverje

## Sprell levande gudsteneste i Blomvåg kyrkje



Søndag 24. november var Blomvåg kyrkje fullsett av menneske i alle aldrar. 5. og 6. klassingane som hadde delteke på Lys Vaken var der og barnekoret Lyskastaren song i gudstenesta. Mange stoppa att etter gudstenesta og deltok på kyrkjekaffien. Det er flott når alle generasjonar møtest i kyrkja.

# Englar dalar ned i skjul – før og no



Englar fyller stadig større plass i heimane våre i jula. Kanskje er det fordi dei liknar oss menneske, berre i ein betre og vakrere versjon. Men har me bruk for dei, skal me be til dei eller er dei berre ein interiørtrend?

Espen Sigve Tveten  
Sokneprest i Øygarden



Frå starten ser me at englar ikkje er reserverte for den øvste andelege elite. Den aller første som møter ein engel i Bibelen, er den gravide trellekvinna Hagar. «Du er ein Gud som ser meg», seier ho. Englar møtte òg andre lågt i hierarkiet slik som Maria og gjetarane i Betlehem. I det nye testamentet er englar knytt til dei viktige frelseshendingane. Jesus møter sjølv englar i Getsemanehagen og i den tomme grava tar to englar plass. Men englar kunne i det gamle testamentet vere grufulle. I Jesaja står det at ein engel slo i hel tusen av menn i leiren til assyranane.

### Englar finst

Bibelen føreset at englar finst. Av Bibelens 66 bøker er det berre 5 der englane ikkje er nemnde. Bibelen omtalar ofte dei himmelske vesena. Dei er sendebod og hjelparar, englar viser at Gud er nær og truande menneske kan rekne englane som ein del av Guds velsigningar. Det betyr at alle kristne har englevakt alltid og heile tida. Om menneske som ikkje trur på Jesus har vern av englane, seier ikkje Bibelen noko om. Martin Luther seier: "Ein engel er ein åndeleg skapning skapt av Gud,

utan kropp, for å tena kristendommen og kyrkja."

Med to unntak (Gabriel og Mikael) gjev ikkje Bibelen namn på nokon englar. Dette er mest sannsynleg fordi englane ikkje er opptatt av fokus på seg sjølv, men at fokuset vert retta mot den Gud dei er tenarar for. Dersom nokon skulle tilbe englar er det brot på det første bodet som seier at me ikkje skal tilbe andre enn Gud. Englane treng med andre ord ikkje så mykje fokus frå vår side.

### Nyandelege englar

I dag er det dei nyandelige englane som får mest merksemd. Englane i Bibelen forkynte ei glede for heile folket, medan dagens englar er meir retta mot individet. Det svarer til trenden der religion har utvikla seg frå noko kollektivt til noko privat. Den protestantiske kyrkja reinsa bort katolske helgenar, og ei følgje av det er at det vart gjort betre plass for englane i medvitte til folk. Men når me i dag ser at englar har vorte ein del av industrien for sjølvutvikling og terapi, er ein på veg bort frå den kristne engleforståinga. Englane tar nærast plassen til Jesus, og er noko

ein påkallar som ein personleg ressurs. Englane i Bibelen kjem derimot uboden. I eit positivt lys kan me sjå englesøken som ein søken etter mystikk og undring. Englar kan stå fram som ein ufarlig veg inn i det åndelege.

### Englar til teneste

Salmedikteren Brorson seier det slik:

«Jeg går blant engler hvor jeg går;  
de skal meg vel bevare,  
Slett intet Satans makt formår  
Mot slik en himmelskare.  
Bort verdens sukk og sorg,  
Jeg går i engleborg,  
Og ingen rører meg et hår –  
Jeg går blant engler hvor jeg går.»

Bibelen seier:

*For han skal gje englane sine påbod om å verna deg på alle dine vegar. (Sal 91,11).*

Ver takknemleg for englane, fyll gjerne huset med englefigurer. La dei minne deg om at du trygt kan leggja livet ditt i Guds hender. Gud ser deg, han kom til jorda for deg. Og han har englane sine i teneste.

Ha ein velsigna julehøgtid!



# KULTURKYRKJA I ØYGARDEN GJENOPNA

med kyrjekaffi i nauset.

**Tekst: Gerhard Vik**

**Foto: Ottar Vik**



Egil Sæle fortalde om kyrkja si historie frå 1875.

Den 27. oktober vart ein stor festdag med haustsol og god stemning då den gamle Hjelme kyrkja vart gjenopna etter å ha vore ute av bruk i mange år.

Dei var der alle – bygdefolket i nordre Øygarden som i mange og lange år har hatt den gamle kyrkja ved Hjelmevågen som sin åndelege heim. Og det kom folk frå kyrkje- og kulturlivet som benka seg framme i kyrkja. Det var trongt om plassane. Kyrkja vart fullsett.

All parkering måtte skje på opningar langs vegen eller på parkeringsplassen ved nye Hjelme kyrkje, som frakta folk til kyrkja i eigen buss.

## Den gamle klokkearbøna

Sokneprest Espen Tveten i Øygarden ønskte velkomen til høgtidsstunda

i ei nyrestaurert kyrkje. Han minna om at mange har eit sterkt forhold til denne kyrkja, og opna med den gamle klokkearbøna: «Eg er komen inn i dette heilage huset ditt og vil høyra det som du talar til meg. Herre lat no opp hjarta mitt ved din Heilage Ande – trøystaren min i liv og død.»

Kyrkjelyden fekk med seg eit innholdsmetta program. Først ut var Øygards-koret med den gamle bønosalmen: «Jesus styr du mine tankar, Jesus lei meg ved di hand – og så døy i Jesu namn.»

## Den bortkomne og den heimeverande sonen

Soknepresten held preika over teksten for denne søndagen og fortalde om faren og dei to brødrene som prioriterte livet sitt

på ulike måtar. Den yngste sonen gjekk bort fra farshuset og øydela livet sitt i sus og dus. Faren var blitt for han ein person utan betydning. Men sonen kom til seg sjølv og tok på heimveg og møtte ein raus og kjærleg far.

Den heimeverande sonen meinte seg sjølgod og sa at han aldri hadde «gjort imot hans bud». Han ville ikkje vera med på å feira heimkomsten til denne broren som hadde sløsa bort farsarven.

«Kom til meg alle» var helsinga frå presten på preikestolen på vegne av den omsorgsfulle faren som står omtalt i bibelteksten, og som også er bodskapen frå altertavla framme i kyrkja. Presten minna om at kyrkja sitt hovudbodskap er nåde.



Bjørn Sæle les diktet til Kjell Svarstad om den Kvittmåla Kyrkja ved Hjeltefjord.



Bjarne Skjold les den gamle kyrkjebøna som far han Johannes Skjold har lest frå koret i mange år.



Ingunn Teigen og Rolf Hellesund les dagens preiketekst.



Kari Ingrid Døskeland fortel om sitt møte med Kyrkja.



Den nye ordføraren for Øygarden Tom Georg Indrevik var imponert over arbeidet.



Kyrjekaffi i Hjelme nausta.



Kaffien og dei gode kakene smaka godt.



Ein god prat over kaffikopen – presten Espen Tveten og Kåre Sæle.

## Helsingar

Ordførar Børge Haugetun i Øygarden sa i si helsing at kyrkja har betydd meir enn me kan ana for folket her. Dette er vår eldste offentlege bygning i Øygarden, og i eit samspel mellom staten og kommunen har me no fått eit verdig kulturminne.

Erling Vik, leiar i Øygarden fellesråd, minna om at Hjelme kyrkje skal stå som eit minne om vår fortid i vår rotlause verd og skal fungera til framtidig bruk.

Bjørn Sæle song ei vise laga av Kjell Svarstad: «Ei kvittmåla kyrkje ved Hjeltefjorden», og Egil Sæle gjorde eit streif tilbake i kyrkja si historie. Det var ingen hjelp å få frå det offentlege då kyrkja skulle byggjast. Bygdefolket tok på seg oppgåva

åleine, og alle som var døypt og konfirmert vart pålagt plikter for å få kyrkja reist.

Tom Georg Indrevik kom med helsing som si første oppgåve som ordførar i den nye Øygarden storkommune, og Bjørg Christoffersen frå Kystmuseet i Øygarden håpar på eit godt samarbeid med kulturkyrkja ved konserter og tilstellingar.

Prost Øystein Skauge helsa på vegne av biskop Nordhaug. Skauge er frå Lindås med bestefar frå Herdla og kjenner godt til kystlivet og miljøet ved havet etter han var prest nordpå i yngre år. «Ta vare på denne gamle kyrkja» var hans oppmoding.

Kari Ingrid Døskeland hadde mange gode minner frå denne kyrkja som har betydd så mykje for henne. Ho har opplevd å

fara i robåt og fleire andre alternativer for å koma seg til kyrkja på 1950-talet – ein gong i «forrykande uver» og ein glødande omn som held varmen i kyrkjerommet for dei få som møtte fram. Og ho minnst dei faste plassane i kyrkja og klokkearbøna som enno set fast i minnet hennar.

## Kyrjekaffi i naust

Kyrkjefolket i Hjelme hadde laga i stand kyrjekaffi med rikhaldig utvalg av kaker og frukt som vart servert i fleire av nausta i nabolaget ved sjøkanten på utsida av kyrkjegarden, Og praten gjekk livleg på kyrkjebakken som i gamle dagar i det fine haustveret. Ei ny tid i gamal drakt.



# «Styrke for dagen og håp for i morgen. Signing for barnet som Gud tar seg av.»

Disse ordene ønsket Erling Kopperud, tidligere sokneprest i Fjell og prost i Vesthordland prosti gjennom 20 år, å avslutte tjenesten sin med. De er hentet fra Norsk Salmebok 2013 nr. 322.

**Tekst:** Anita Skjæveland  
**Foto:** Yngvild Mørner Sørheim



Det var en fullsatt Foldnes kirke som søndag kveld 27. oktober fikk være med på avskjed med nattverd gudstjeneste og påfølgende kirkekaffe med mange taler.

Alle prostiets prester gikk inn i prosesjon til nydelig sang av Sotra Reviderte. Bakerst gikk biskopen og avtroppende prost Erling Kopperud iført fiolett messehaket. Det var

Bots- og bønnedag – og salmen Amazing grace fikk fokus i prekenen.

Biskopen startet gudstjenesten med å poengtere at Erling Kopperud ikke har sluttet å være prest, og selv vil han gjerne fortsette med prestatjeneste når helsen tillater det.

Mange ga i talene uttrykk for takknemlighet over Erlings forkynnelse. På kortet fra fellesrådet i Fjell sto det: «Takk for mange gode ord gjennom mange gode år». Kristian Kopperud holdt tale der han fortalte fra livet som en sammensveiset prestefamilie og hvordan han hadde hatt sin far som forbilde fra han var liten gutt.

Karl Johan Hallaråker, som de siste årene har vært vikar i prostiet, pekte på den viktige funksjonen Erling Kopperud har hatt i forhold til bedehusmiljøet på Vestlandet, og med en kone fra Austevoll gikk det godt, selv for en østlending, sa han.

Kvelden ga rom for takknemlighet og glede over den tjenesten som Erling

Kopperud har stått i gjennom medgang og motgang. Han har sett den enkelte, og også brukt ordene til å skape en kultur for raushet der det er lov å være uenig i sak. Han har framstått som klok og samlende.

Det har vært et godt forhold mellom kommunene og Den norske kirke i Vesthordland prosti. Både ordfører Siv Høgtun fra Askøy og påtroppende ordfører

i nye Øygarden, Tom Georg Indrevik, var til stede. Et enstemmig kommunestyre i Fjell gikk i sin tid inn for å bygge Foldnes kyrkje. Også på Askøy har det blitt bygget to kirker i løpet av perioden, og Erling Kopperud har vært en god mann også i denne sammenhengen.





# Er takknemlig

Etter en tid med sykdom pensjonerer prost Erling Kopperud seg. Han ser tilbake på prestatjenesten som en rik og meningsfull tjeneste.

**Tekst: Olav Martin Vik**  
**Foto: Yngvild Mørner Sørheim**

## Var det et kall fra Gud da du valgte å bli prest?

Ja, det var en modningsprosess som etter hvert gjorde det klart for meg at mitt kall var å bli prest i Den norske kirke. Jeg hadde helt fra barndommen en særskilt interesse for både bibelhistorie og kirkehistorie. Derfor var det naturlig for meg å begynne på teologistudiet etter gymnasiet.

## Du har vært både sokneprest og prost i mange år. Kommunene i ditt prosti har hatt en stor folkevekst. Har kirken klart å holde tritt med utviklingen og det å nå menneska med Guds ord?

Om vi har klart å holde tritt med utviklingen, er et krevende spørsmål å besvare. Vi skulle gjerne hatt flere stillinger i operativ kirkelig virksomhet og tjeneste som vi kunne ha satt inn for å nå flere nye innbyggere i kommunene våre. Vesthordland prosti bærer preg av etablerte bygder og stor tilflytning og folkevekst. Den norske kirke er nok til stede med sine sokn og kirker over alt der mennesker bor, og slik har folket mulighet for kirkelig betjening. Men tilhørighet og fellesskap i et levende menighetsliv er kanskje den største utfordringen vi står overfor i vår tid.

## Du har vært tett på menighetene i prostiet. Hva tenker du er annleledes nå enn om man går 10 år tilbake i tid?

Jeg synes at menighetene i prostiet har vist vilje til å ta vare på det kristne fellesskapet om Ord og sakrament, og samtidig er de preget av et sterkt ønske om at nye mennesker i alle aldre skal bli møtt på en inkluderende måte. Av nye tiltak de siste årene vil jeg særskilt nevne *Trosopplæringen* som et viktig redskap til å nå barn og unge med Guds ord. Utfordringen for menighetene er hvordan



dette skal føre til vekst og utvikling i menighetslivet.

## Hva føler du har vært mest krevende i tiden din som prost?

En prost er en prest som ved siden av vanlig tjeneste som menighetsprest, også har et ledelses- og administrativt ansvar for prestatjenesten i prostiet. Dessuten skal prosten i samvirke med kirkelige råd og utvalg bidra til et godt arbeidsmiljø, samarbeid og åndelig fellesskap innen de kirkelige arbeidslag i prostiet.

Dette er oppgaver som til tider kan være krevende, men samtidig har jeg ønsket å være en prost som legger til rette for at de kirkelige arbeidslag skal fungere best mulig sammen. Derfor er dette noe av det mest gledelige, når jeg ser at medarbeidere trives, og at de i fellesskap "drar lasset sammen".

## Hva har gledet deg mest som prest og senere prost?

Som prest har jeg fått stå i en meningsfull og rik tjeneste. Et særskilt ansvar som jeg har hatt helt siden jeg begynte som

sokneprest i Fjell, er å administrere og holde andakter på Fjell sjukeheim, Straume Bu- og Servicesenter og Kvednatunet på Ågotnes. Denne tjenesten har jeg satt stor pris på, og her har jeg gjennom årene fått være sammen med mange mennesker som har beriket livet mitt.

Som prost har jeg jevnlig hatt gudstjenester i hele prostiet. Dette har vært en takknemlig og viktig oppgave for meg, og slik har jeg også blitt godt kjent med menighetene i Vesthordland.

Det som særmerker prestatjenesten er at vi møter mennesker i både glede og sorg. Disse samværene gjør inntrykk på meg og berører meg. Slike erfaringer gjør at jeg som medmenneske bærer med meg både ydmykhet og takknemlighet.

## Hva er ditt største ønske for Vesthordland prosti for tiden som kommer?

Mitt største ønske er at kirkene i prostiet fortsatt må få være et sted der himmel og jord møtes; møtesteder hvor de holder fast på Jesu ord. For han kan gjøre noe med sitt ord som andre og vi selv ikke kan.

## Mange lurer sikkert på om vi får se og høre deg på prekestolen, selv om du nå blir pensjonist?

Ja, jeg vil nok etterhvert være positiv til slike forespørsler.

## Ser du frem til dager uten mange avtaler og være fri for lederransvar? Mer tid til familien kanskje?

Jeg har i alle år trivdes godt i min tjeneste som prest og prost. Men etter at jeg ble sjuk, har det blitt naturlig og greit at jeg nå kan få slippe ansvaret. Jeg er takknemlig for at jeg kan se fram til roligere dager med mer tid sammen med familien, og til å prioritere gode samvær med barnebarna i hverdagen.

# –Presten i meg vakna til live igjen

Etter å ha jobba som bibellærer på Bildøy Bibelskule frå hausten 2001, skal Morten Torsvik tilbake i presterollen frå årsskiftet. Han tek til i stillinga som sokneprest i Fjell kyrkje.

**Tekst: Yngvild Mørner Sørheim**  
**Foto: Ottar Vik**



Han meiner sjølv at det heile kan verke litt tilfeldig, han hadde jo ikkje planar om å gje seg som lærar. Men etter at han tala på ei gudsteneste i Fjell kyrkje fekk han mange oppmodingar om å søke på den ledige pretestillinga. –Tanken modna, presten i meg vakna til live igjen, seier Torsvik. Han søkte på stillinga og fekk den.

Etter 18 år på bibelskule opplever han at behovet for å vere nær er viktig. Å vere ein som kan snakke om livet slik det er på godt og vondt. Dette skal han ta med seg vidare til Fjell. Sjølv bur Torsvik på Vik i Øygarden, er gift og har 5 barn. –Trua på Jesus prega heimen vi vokste opp i og har alltid vore eit fundament i livet mitt.

Torsvik er spent på å starte opp i ny jobb og på å bli kjent med ein ny kyrkjelyd.

«Saman vil vi ære den treeinige Gud - ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar og fremje rettferd!» er visjonen til Fjell. Dette synes han er ein god visjon å jobbe mot. Å skape ein tryggleik i botnen er eit viktig grunnlag for arbeidet vidare.

Som prest håper Torsvik at kyrkjelyden vil oppleve han som ein jordnær, folkeleg og tillitsvekkande mann. –Målet for mi teneste er å forkynne den gode budskapet om Jesus til frelse og etterfølging, seier han.

Han får mange nye kollegaer, og dette meiner Torsvik gjer høve til mykje god samhandling. –Eg gler meg til å bli kjent med folket og komme i gong, avsluttar han.

## Thailandløpet 2019

Thailandløpet gjekk i år av stabelen 13. november. Konfirmantane spring for samle inn pengar til misjonsprosjektet Kyrkja i Øygarde støttar i Thailand. I år samla konfirmantane inn om lag 50 000 kroner! Tusen takk til konfirmantar, foreldre og andre gode sponsorar!





# Felles- gudsteneste for heile familien!

**Søndag 5. januar  
går kyrkjelydar  
og forsamlingar  
frå Fjell, Sund og  
Øygarden saman  
om ei stor felles-  
gudsteneste  
i Sotra Arena  
kl. 11.00.**

Dette vert avslutninga på den store opningsuka av vår nye kommune. "Det er flott av me får arrangere ei slik gudsteneste og me oppmodar små og store om å delta på denne familiegudstenesta" seier Espen Tveten som har leia arbeidet med dette fellesarrangementet. Det vert mykje song og musikk, blant anna felles barnekor og vaksenkor med ulike kor frå distriktet. Fjell kyrkjebrass deltek. Maria Tveten talar, det vert bønnevandring og intervju med den nye ordføraren. Gudstenesta vert avslutta med stor kyrkjekaffi. "Eg vonar folk i alle dei tre noverande kommunane sluttar opp om arrangementa både laurdag og søndag i Sotra Arena", avsluttar Espen Tveten, "dette vert ei festhelg". Det vert parkering i Kystbygarasjen. Derfra går det skyttelbusser både til og frå Sotra Arena.

## Kjem til å sakne korarbeidet

Kantor Anne Lise Grøm pensjonerar seg etter nesten 30 år i kyrkja.

**Tekst: Olav Martin Vik  
Foto: Yngvild Mørner Sørheim**



*Korleis har du opplevd det å vere kantor (organist) i Øygarden?*

Nesten 30 spennande år har det vore, og mykje har endra seg på desse åra. Arbeidet med barnekantoret og Øygdardskoret er nok det som har vore det mest interessante og utfordrande. Eg kjem til å sakne korarbeidet. Det å gjennomføre prosjekt med andre kor, både i barnekor- og vaksenkor- samanheng og som har resultert i konsertar, har gitt meg mykje. Samarbeid med kor og andre musikarar til gudstenester, kyrkjelege handlingar og konsertar, har og vore gjevande.

*Kva har du kjent på har vore utfordrande, også det å vere aleine kyrkjemusikar i soknet?*

Det er utfordrande å vere aleine med korarbeidet, spesielt når vi skal opptre og eg må spele og dirigere samtidig. Eg har og sakna kollegaer, slik det gjerne blir i små prestegjeld. Dette vert betre for den nye organisten, sidan vi no har slått oss saman med Sund og Fjell. Vi har alt begynt med

meir samarbeid i det utvida prestegjeldet, og det er positivt.

*Kva er ditt ønskje for framtida med omsyn til det kyrkjemusikalske i Hjelme og Blomvåg sokn og elles i den nye kommunen?*

Eg ønskjer at den nye organisten blir tatt godt i mot i kyrkjelydane, og at kyrkjemusikken og korarbeidet får gode kår.

*Har du planar for dagane som kjem, når du no vert pensjonist?*

Så store planar har eg ikkje enno grunna helsa, men vil gjerne halde ved like orgelspelinga heime ved orgelet mitt. Eg er glad i å lese og gå på konsertar – klassisk og folkemusikk. Vi har 5 barn og 7 barnebarn, som det blir kjekt å få meir tid til. Til slutt: eg har veldig mange gode minne frå tida mi som kantor i Øygarden.

## Vil fortsette som frivillig

Etter 11 år i kyrkja pensjonerar diakonimedarbeidar Bjørg Blom seg.

**Tekst: Olav Martin Vik  
Foto: Yngvild Mørner Sørheim**



*Korleis har det vore å arbeida som diakonimedarbeidar?*

Det har vore givande, spennande og lærerikt. Eg har fått møtt så mange fantastiske menneske,- på eldretreffa, gudstenester, språksprell, i sorggrupper, rundt i heimane, eller i andre samanhengar. Dette har lært meg mykje om det å leva som menneske, og at sorg og gleder vandrar saman! Det møter oss alle i livet.

*Kva tenkjer du om diakonalt arbeid framover. Korleis er behovet?*

Det diakonale arbeidet i ein kyrkjelyd er viktig. Det er å syna omsorg for heile menneske, og alt skaparverk. Å ta vare på

dei svakaste i samfunnet vårt og som lett fell utanfor fellesskapet. Dette er eit ansvar som heile kyrkjelyden må kjenna. At kvar enkelt av oss ser våre medmenneske med likeverd og respekt, og er villige til å vere medvandrarar på vegen. Det er så mange i dag som strevar i livet, i ei tid då ein helst skal meistra alle ting, på skule, i arbeidslivet, i familie og nære relasjonar, og ikkje minst på sosiale medium. Me må læra av Meistaren sjølv: Jesus reiser opp den svake, og gjev menneske verdi som den dei er!

*Veit folk kva diakoni handlar om?*

Eg har fått mange spørsmål om det desse 11 åra eg har vore i kyrkja. Og då er det

fint å få fortelja om kyrkja sitt arbeid på dei ulike felt. Og at kyrkja har mange frivillige som er med på ulike arena, også innan diakonien, t.d. eldretreff, besøksteneste, kyrkjekaffi, mm.

*Er frivillige viktig i det diakonale arbeidet?*

Ja, absolutt! Dei er med og styrkjer arbeidet, slik at me når lenger ut. Me treng frivillige hender og føter! Ingen kan gjere alt, men alle kan bidra med noko.

Så er det viktig at kvar enkelt kjenner på kva han/ho trivest med å gjera: t.d. -besøka nokon,- vera medhjelpar på eldretreff,- koka kyrkjekaffi,- gå tur med nokon som treng ein arm å halda i,- eller bruka bilen sin for nokon som treng det,- oppgåvene er mange!

*Du har vel mykje å fylle dagane med, sjølv om du no vert pensjonist?*

Det vert rart å slutta som diakoniarbeidar. Men no kan eg få vere ein av dei frivillige! Ellers får eg nok å driva på med, med familie og barnebarn, korsong, venner, og andre aktivitetar som eg likar å halda på med. Håpar på god helse og meir tid til friluftsliv! Så håpar eg at alle vil ta godt imot henne som overtek stillinga etter meg.

## Takk

Me takkar Anne Lise og Bjørg for tenesta dei har stått i. Den norske kyrkje er ei samansett organisasjon med mange oppgåver. Kyrkjemusikk og diakoni er to av mange oppgåver. Dei er vidt forskjellige men like viktige, kvar på sin måte.

Når no Anne Lise og Bjørg ønskjer å tre ut av eit aktivt yrkesliv ønskjer me dei alt godt for dagane som kjem.

*Olav Martin Vik  
Kyrkjevevjerje*



# Kyrkjesongfest i regi av Norges Kirkesangforbund, 4.-7. oktober 2019

«Alle gode gaver, dei kjem frå himmelhøg/  
All good gifts around us are sent from heaven above»

Tekst og foto: DaGiAn




Denne salmen avslutta gudstenesta i St. Thomas-katedralen, der vi feira Hausttakkefest saman.

Men før det: 4 glade representantar frå Øygardskoret la i veg, via Liverpool, til Øya Man i Irskesjøen. Isle of Man er, frå gamalt av, ein utkant av Bjørgvin. Innbyggjarane tok vel imot oss med omsut. Vi fant lett fram til ulike endepunkt. Det var berre å studera by-kartet over Douglas, titta litt omkring, så kom det straks eit menneske bort og spurde om vi leita etter vegen?

200 songarar frå alle kantar av landet, var samla til tur- og konsertdagar i begynninga av oktober. Sjøl song Øygardskoret saman med «Sotra Reviderte». Flott å verta innlemma i eit større kor, vi 4 som reiste.

Laurdagen vart den store øvingsdagen! Kor frå Nord og Sør, Aust og Vest, fann seg ulike kyrkjer å øva i. St. Thomas vart vår stad. Vi kom til ei lite oppvarma kyrkje, der soknepresten var pensjonist og innleidd vikar. Kyrkjetenaren, ei eldre dame



frå kyrkjelyden, dreiv og pynta framfor sundagen. Ulike frukt og grønnsaker vart dandert etter beste evne. Rommet var til slutt overdekket av haustens grøde! Dette i tillegg til eit rikt blomnehav!

Då første øvingsøkta låg bak oss, var det tid til mat på den gamle jernbanestasjonen. Vi kosta også på oss ein tur med den gamle jernbana. Eit kol-fyrt lokomotiv tøffa oss av stad. Flott natur, hus og beitande dyr susa forbi vindauga. Vognene var gamle og hadde plass til 3 personar på kvar benk. Det knirka og knaka, og vi såg nesten «Miss Marple» stiga om bord.

Avslutninga på denne laurdagen, var felles korøving for alle 200 songarane. Denne gongen i St. Georg-katedralen, litt større og mykje varmare.

## Haustattakkefest

Søndagen fekk dei fleste av kyrkjene i og omkring Douglas, kormedlemmer på besøk. Vi song med og for kvarandre. Etter endt Hausttakkefest, var det tid



for kyrkjekaffi. Det vart høve til flotte samtalar med dei lokale, fastbuande kyrkjegjengarane. Alt likna på hausttakkefest i Hjelme, berre talemåten skilde!

I kveldinga sundagen gjekk turen tvert over øya, til Domen i Peel. Det vart ein storveges avslutningskonsert med mange frammøtte. Dei ulike kora framførte ulike songar og korverk, noko nytt og noko gammalt. På slutten slo vi oss saman og song felles songar. Det kjendes lett å yta sitt beste, med den lokale kantoren som dirigent. Han veiva med hendene høgt og hadde eit strålende ansikt.

Festmiddagen deretter vart ei verdig avslutning på ei travel helg.

Båtturen frå Man over til England, baud på tøffe utfordringar. Då turen låg bak oss, venta flytur frå Manchester og vi var trygt attende i Bergen.

# Krystallnatta markert i Foldnes kyrkje under overskrifta Me må ikkje gløyme det som skjedde Krystallnatta

Foto: Ottar Vik

Den enorme tragedien som skjedde Krystallnatta vart ein minna om i Foldnes kyrkje laurdag 9. november. Nærare 200 menneske møtte opp til markeringa. Det var innlegg frå forfattar Halgrim Berg, varaordfører Torill Selsvold Nyborg og Joel Ystebø som er ungdomspolitkar i Bergen. Lokale krefter deltok med musikk, song

og dikt. Det var helsing frå ordførar i Sund, Kari-Anne Landro.

Krystallnatta er namnet på natta mellom 9. november og 10. november 1938 og markerte starten på ei dramatisk opptrapping av jødeforfølginga i Tyskland og Austerrike. Over 7500 butikkar vart

vandalisert, synagogar brent ned og mange jødar vart drepne.

10. november var fortaua fulle av knust glas fra dei jødiske forretningane, og dette gjorde at aksjonane vart gitt namnet krystallnatta av nazistane.



Fint pynta Foldnes Kyrkje



Halgrim Berg tidlegare stortingsrepresentant og kulturformidlar heldt eit historisk foredrag.



Varaordfører Torill Selsvold Nyborg i Nye Øygarden hadde ein appell.

## Sokneråd og kyrkjestab møtte kvarandre



Onsdag 25. september møttest nyvalde sokneråd og kyrkjestaben til ei samling der ein mellom anna skulle verte litt meir kjent med kvarandre. Over 70 menneske var samla i Foldnes kyrkje der ein fekk presentert sokneråda og kyrkjestaben. Det er fem sokn og sokneråd i nye Øygarden kommune. Sund, Fjell, Foldnes, Landro og Hjelme og Blomvåg. Dei tilsette i kyrkja har vore gjennom ein samanslåingsprosess og kyrkjestaben er organisert på nytt. Denne organiseringa vart presentert for dei frammøtte frå sokneråda.





# OPNINGSFEST ØYGARDEN 2020



Vi inviterer innbyggjarane i Sund, Fjell og Øygarden og andre interesserte til fest for å markera overgangen til Nye Øygarden kommune. Festveka vert avslutta med fellesgudsteneste i Sotra Arena søndag 5. januar.

- Tysdag 31. desember kl. 23.30** Nyttårsmarkering ved fyrlykta i Skogsskiftet med bl.a. fyrverkeri. Fire ordførarar deltek.
- Onsdag 1. januar kl. 18.00** Nyttårskonsert med storband og brassband i Hjeltefjorden Arena på Rong. Dørene opnar kl. 17.00.
- Laurdag 4. januar:**  
**Den store folkefesten i Sotra Arena**  
10.00: Aktivitetar og konkurransar ute og inne for store og små.  
13.00: Offisiell opning. Statsminister Erna Solberg deltek.  
18.00: Det store korslaget.  
23.00: Dans med Gardsbruk. Dørene opnar kl. 22.00.
- Sundag 5. januar kl. 11.00** Fellesgudsteneste i Sotra Arena. Kyrkjekaffi. Meir info på side 12

Til følgjande arrangement må det tingast billettar:

- Nyttårskonsert 1. januar kl. 18.00 (gratis)
- Offisiell opning 4. januar kl. 13.00 (gratis)
- Det store korslaget 4. januar kl. 18.00 (gratis)
- Dans med Gardsbruk 4. januar kl. 23.00 (kr. 200,-) 18 års aldersgrense.

Billettar kan tingast hjå ticketmaster.no (søkjeord: Øygarden). Du kan også henta billettar på biblioteka i Skogsskiftet, Rong og Straume.

Velkomen til folkefest for Øygarden kommune!

[WWW.NYEOYGARDENKOMMUNE.NO](http://WWW.NYEOYGARDENKOMMUNE.NO)

# Julefest

Velkomen til julefest i Hjelme kyrkje  
søndag 29. desember kl. 16.00!

Vi går rundt juletre, bevertning, Øygardskoret og godteposer til barna!



DEN NORSKE KYRKJA

## Julegudstenester

**Julaftan 24. desember**  
Tednebakkane omsorgsenter kl. 11.00  
Julaftangudsteneste ved Espen Tveten.

**Julaftan 24. desember**  
Blomvåg kyrkje kl. 14.30  
Julaftangudsteneste ved Knut Kaldestad

**Julaftan 24. desember**  
Blomvåg kyrkje kl. 16.00  
Julaftangudsteneste ved Knut Kaldestad

**Julaftan 24. desember**  
Hjelme kyrkje kl. 16.00  
Julaftangudsteneste ved Espen Tveten

**Juledag 25. desember**  
Blomvåg kyrkje kl. 12.00  
Høgtidsgudsteneste ved Knut Kaldestad


**2. juledag 26. desember**  
Hjelme kyrkje kl. 12.00  
Høgtidsgudsteneste ved Espen Tveten

**Nyårsdag 1. januar**  
Hjelme kyrkje kl. 12.00  
Høgtidsgudsteneste ved Espen Tveten



DEN NORSKE KYRKJA

## Julekryssord



**Vannrett:**

1. Ein Stoltenberg
5. Apostel
6. Kven spør vi?
9. Farin
11. Poste
13. Stilling
15. Rett
16. Frø med skall
17. Nils Eriksen

**Loddrett:**

1. Sto opp igjen
2. Merkelapp
3. Månefase
4. ... Lanka (land)
5. Spagetti
7. Rune Kvam
8. Jentenavn
10. Adam & Evas hage
12. Nota Bene
14. Rekke og rad

Løysning finn du på side 22.



# Lys vaken i Blomvåg kyrkje

I desse tider vert det arrangert Lys vaken i kyrkjer over heile Noreg. Nokre av borna heldt seg lys vakne lenger enn andre då 5. og 6. klasse var invitert til overnatting i Blomvåg kyrkje.

**Tekst:** Hogne Berland

**Bilete:** Mathilde Karin Dale



God natt-samling



Sang på kveldssamling

Når klokka er passert 12 på kvelden, skal alle egentlig vera i seng, men det er ikkje heilt lett å finne roen med ein gong. Berre ein ekstra tur på toalettet, berre rett bort å ha eit glas vatn, berre ringe heim og sei god natt til mamma, berre hente kosebamsen som nettopp flaug gjennom lufta, berre sjekke ein gong til om ho på nabomadrassa har sovna.

Det tar litt tid, men etter kvart senker roen seg i kyrkja etter ein innholdsrik kveld. Det starta bra då pizzabudet leverte 15 pizza på kyrkjetrappa. Etter maten starta kveldssamlinga der alle fekk høyre om dei som venta på lyset som skulle koma til verden. Då Jesus vart født for 2000 år

sidan, kom det sanne lyset til verda. Utover kvelden vart det også tid til brettspel, muffinspytning og sporløp frå alterring til klokketårn før alle måtte finne fram liggeunderlaget.

Lys vaken er eit av trusopplæringstiltaka som ein finn over heile Noreg. I Øygarden har det vorte arrangert i dei siste 4 åra. Målet er at borna midt i mørketida får borna samlast i kyrkja med fokus på å vera lys vaken. Samtidig får dei verta kjent med kyrkja på ein ny måte.

Noah Fagerholt, Adrian Widding Jentoft, Melissa Monsen Tornøe og Cassandra Selstø Monsen er fire av dei som deltok

på Lys vaken i år. Søndag morgon kan dei fortelle at dei har sove godt, sjølv om guttane brukte litt lang tid på å sovne! Dei seier det var kjekt å vera her og at det var gøy å bli kjent med nye barn! På spørsmål om det har lært noko, seier dei at dei har lært at det er viktig med lys og at vi er heilt avhengig av det. Dei husker også minneverset frå Jesaja: «Det folket som vandrar i mørket, ser eit stort lys!»

Melissa seier ho vil anbefala alle å komme på Lys vaken til neste år. «Men kanskje ikkje altfor mange, det blir masse styr for ledarane», avsluttar ein omtensksom Noah mens dei andre ler.



Bamsen får også vera med på Lys vaken



Bønnevandring



Melissa, Cassandra, Adrian og Noah koste seg på Lys Vaken



Rettt før leggetid

## Hogne har ordet

Hogne Berland

Kyrkjelydspedagog



For cirka 2000 år sidan skjedde det noko som aldri hadde skjedd i verdshistoria før og som aldri kjem til å skje sidan. Gud vart eit menneske. Då Jesus, Guds son, vart født som eit menneske, snudde det opp ned på alt. At Gud frivillig begrenser seg sjølv på denne måten, er utruleg spesielt. Han måtte ikkje gjere det, men han velger å gjennomføre sin plan på denne måten.

No er det snart jul igjen og vi skal feira dette mysteriet. Det som skjedde er meir enn ei flott historie. I Johannes-evangeliet vert det beskrive slik: «Det sanne lyset, som lyser for kvart menneske, kom no til verda». Dette er den viktigaste fødselen nokonsinne. Den er viktig for meg, og den er viktig for deg. Faktisk er den viktig for alle menneske på jorda. Jesus lyser for «kvart menneske».

Lys er nyttig til mange ting. Det fjerner frykt for det ukjente, det gjer oss eit rett bilde av situasjonen så vi kan vurdere rett. Ikkje minst treng vi lys for å finne ut kvar vi skal gå og ikkje. Utan lys er vi ganske hjelpelause. Jesus er lyset vi treng. Når vi trur på han, kan vi vera trygge og slepp å frykte. Vi kan lytte til det han seier i Bibelen og slik få hjelp til å skille rett frå galt. Og han er lyset som viser vegen til himmelen.

*Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørket, men ha livsens lys.*

Johannes 8,12.

## Dette skjer

### LEIRAR SKJERGARDSHEIMEN

6.-8. desember:	Adventsleir 4. klasse
24.-26. januar:	7. klasseleir
14.-16. februar:	5. klasseleir
13.-15. mars:	6. klasseleir
24.-26. april:	Ungdomsskuleleir

### REFUEL

13. desember

**Stad:** Rong senter

**Tid:** 19.30–22.30

### GOSPEL TEENS

10. desember

**Stad:** Blomvåg kyrkje

**Tid:** 18.00–20.00

### KRIK

6. desember

13. desember

**Stad:** Hjeltefjorden arena

**Tid:** 19.30–21.30

### BABYSONG

9. desember

**Stad:** Blomvåg kyrkje

**Tid:** kl. 11

### INFORMASJON

Ta gjerne kontakt med oss om du har spørsmål om deltaking og innhald i opplegga. E-post: [post.oygarden@kyrkja.no](mailto:post.oygarden@kyrkja.no)

### Frivillige

Me treng frivillige til t.d. leirane. Ta kontakt om du vil delta frivillig.





**SPAR**  
- ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

**Ferskvarespesialisten**

**Velsmakende varmmat**

**Fristende frukt og grønt**

**Nydelige nystekte bakervarer**

Måndag - fredag 8-22, laurdag 9-20

posten trumf Bank i butikk **SPAR Rong tlf. 56 38 71 40**

**Fag Revisjon as**

**Revisjon & regnskap**

Kontakt oss på tlf: 56 38 72 70,  
eller se mer informasjon på [www.fagrevisjon.no](http://www.fagrevisjon.no)

Fag Revisjon AS, Bølgekraftvegen 1, 5337 RONG, firmapost@fagrevisjon.no



**Snitter** • **Koldtbord**

**Varmmat** • **Koldttallerken**

**Baguettar** • **Rong Catering a/s**

Tlf. 9185 6258

**Din lokale elektriker!**

**VESTGAR ELEKTRO**

Møllestykket 21, 5360 Kolltveit  
T: 400 30 210

[post@vestgarelektro.no](mailto:post@vestgarelektro.no) - [www.vestgarelektro.no](http://www.vestgarelektro.no)

**Vi formidler blomster til innland og utland**

**INTERFLORA**

**Blomsterbrua**  
Rong senter  
Telefon: 56 38 92 65  
Postboks 107, 5331 Rong

**Bergen & Omegn**  
BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden   Espen Polden   Heine Polden   Cathrine Polden Misje

**Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700**  
[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)

**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50

**ADVOKATGRUPPEN BERGEN**



Advokatfullmektig  
Bernhard Hauge

- Arv/gaver
- Familierett
- Testamenter/samboeravtaler
- Ektepakter
- Samlivsbrudd
- Kontrakter/kjøp- og salg
- Trafikkrett/transportrett

15 % rabatt til nye kunder fra Fjell og omegn.  
Hjemmebesøk om ønskelig.  
E-post: [bernhard.hauge@agbergen.no](mailto:bernhard.hauge@agbergen.no)  
Tlf: 920 41 950 [www.agbergen.no](http://www.agbergen.no)  
Sandviksboder 1H, 5035 Bergen



• Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken

• Moderne bilverksted m EU/kontroll

• Reparasjon av alle bilmerker

• V askehall

• Kaffiavtale

• Gass

**BLOM**

**SERVISESENTER AS**

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80  
Godkjent bilverksted

**Sotra Omegn**  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

**TLF 56 32 08 90 hele døgnet**  
Skjernet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)

**Kjøp kjapt, trygt og billig**

**KIWI mini pris**

Søre Sæle

Tlf. 56 38 71 20  
Mand - fred kl.07.00 - 23:00  
Lørdag 08:00 - 21:00

**Åsane Begravelsesbyrå AS**  
v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES  
Døgnavt tlf.: 5518 9000

**Solstrands Begravelsesbyrå as**

Vårt avdelingskontor på Sotra  
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

**Telefon 55 55 16 16 hele døgnet**  
[www.solstrands.no](http://www.solstrands.no)

Vår erfaring - din trygghet **VIRKE GRAVFERD**

**TORSVIK MUR**  
Alt i mur, puss og flisearbeid  
Rehabilitering/fornyning av gamle skorsteiner/piper



Vidar Vik Torsvik  
murmester

Dalekletten 44  
5337 Rong

Telefon: 91 16 83 75 E-post: [vidart1962@gmail.com](mailto:vidart1962@gmail.com)



**NORGESHUS NORGESHUS**  
TH Bhas Bygg   Øygarden Boligutvikling as

Telefon: 56382804 - Pålsetet 2, 5337 Rong  
e-post: [ta@norgeshus.no](mailto:ta@norgeshus.no)  
[www.norgeshus.no](http://www.norgeshus.no)

**Montér**

**Øygarden Byggsenter AS**

Pålsetet 2, 5337 Rong - Telefon: 56382820 - Epost: [post@oybygg.no](mailto:post@oybygg.no)  
Åpningstider: mand-torsd 07.00-17.00, fred 07.00-18.00, lørd 09.00-14.00

**Ønsker du sol hjem?**

Vi kan tilby 12 rørs solhimler eller solseng med høy kvalitet. Du ringer - vi bringer!

Vi forhandler også solariumskrem og -briller

**B-P-S Solutleige**  
v/Arvid Rong 5337 Rong  
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22  
Mobil: 918 56 258

**Øygarden elektriske as**

Tlf.: 56 38 24 40  
Fax: 56 38 24 41  
Mobil: 928 41 790

E-mail: [post@oygarden-elektriske.no](mailto:post@oygarden-elektriske.no)

**Vest Modul AS**  
5336 Tjeldstø

- Tilbygg
- Nybygg
- Rehabilitering
- Montering og utleige av brakker

Normann 958 19 905  
Ingvard 958 10 967

Trelastlager Tjeldstø



## GRAVMINNER



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen  
Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.  
[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)



Installasjon industri, bolig  
Data- og telenett  
Alarmanlegg  
Antenne/parabolantenn  
Elektroverksted  
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00  
Vakttelefon: 922 34 062

[www.torsteinsvik.no](http://www.torsteinsvik.no)

Vassrett: 1. Jens, 5. Peter, 6. Siri, 9. Sukker, 11. Sende, 13. Akt, 15. Ben, 16. Nøtt, 17. Ne  
Loddrett: 1. Jesus, 2. Etikett, 3. Ne, 4. Siri, 5. Pasta, 7. RK, 8. Irene, 10. Eden, 12. NB, 14. Kø.

### LØYSNING JULEKRYSORD:

## Til lukke

### 70 år

- 9. des Torbjørn Myhr, Sundevika 6
- 13. des Bjørg Aud Harkestad, Myrane 35
- 18. des Thorleif Birger Hellesøy, Methøyen 5
- 24. des Inger Fjeldstad, Neset 49
- 30. des Torhild Marie Rong, Dammane 2
- 31. des Johan Magne Toska, Hjelmevegen 164
- 2. jan Agnar Georg Antonsen, Hellesøyneset 6
- 8. jan Einar Blom, Blomenutvegen 16
- 12. jan Mons Arle Toft, Tøket 7
- 23. jan Terje Løvaas Børmo, Ådnevikvegen 8A
- 29. jan Odd Johan Mikkelsen, Blomenutåsen 7
- 6. feb Bjørn Sæle, Sjøneset 29
- 15. feb Astrid Karin Flåten, Blomåsen 12
- 17. feb Brita Lunde Troland, Bulegsvegen 10
- 19. feb Bror Henry Hansen, Rongøyvarden 11

### 75 år

- 24. des Ingolf Leif Solsvik, Vågsneset 5
- 13. jan Atle Rivenes, Methøyen 6
- 24. jan Arne Hjelme, Hjelmevegen 130
- 17. feb Liv Ingrid Alvheim, Gjerdevegen 23

### 80 år

- 11. jan Ruth Margun Dale, Blomenutvegen 2
- 14. jan Robert Otto Sæle, Hjelmevegen 4
- 27. jan Lillian Eide, Ternholmvegen 53
- 8. feb Mary Berntsen, Hellesøyneset 16
- 10. feb Myrna Karin Hellesøy, Hellesøykaiaen 23

### 85 år

- 6. jan Villy Dävøy, Sandråsvegen 7
- 14. jan Anna Maria Torsvik, Uthaug 11
- 15. jan Aslaug Betsy Magnhild Skaar, Arsettunet 34
- 9. feb Odd Georg Flåten, Osundet 44
- 10. feb Peder David Fjeldstad, Grønhaugvegen 121

### 90 år

- 17. des Henny Svellingen, Rossnesvegen 18
- 3. jan Borghild Sure, Ternholmvegen 53
- 8. jan Herborg Sæle, Sælstøvegen 2
- 30. jan Johanna Dale, Dalevegen 9

### Treff i Blomvåg

OBS! Nytt namn og ny vekedag!

**Tednebakkane omsorgsenter**  
kl. 16.30-18.30:

Tysdag 14. januar  
Tysdag 11. februar  
Tysdag 10. mars  
Tysdag 14. april

**Fellessamling på Tednebakkane:**

Tysdag 12. mai kl. 16.30

### Treff i Hjelme

OBS! Nytt namn, ny vekedag og nytt klokkeslett!

**Hjelme kyrkje**  
kl. 11.00-13.00:

Torsdag 9. januar  
Torsdag 13. februar  
Torsdag 12. mars  
Torsdag 16. april

**Fellessamling på Tednebakkane:**

Tysdag 12. mai kl. 16.30

## Gudstenester / Service

Worship is the most important meeting point for Christians. It is the place where Christians become a visible congregation – a fellowship of people who share a faith in God and in the resurrection of Jesus Christ. It is a place where people together come before God. Here is a list of upcoming services in Øygarden

**8. des kl. 11.00 - Blomvåg kyrkje**  
Gudsteneste ved Knut Kaldestad.  
Offer til For Livsrett og Menneskeverd.  
Nattverd.

**15. des kl. 17.00 - Hjelme kyrkje**  
Vi syng jula inn ved Anne Lise Grøm.  
Andakt ved Espen Tveten. Mykje allsong.  
Musikk ved Øygarden skulekorps.  
Andrea Tomic og Karita Kleppstø på fiolin. Song av 12Manna og Øygardskoret. God kyrkjekaffi der vi markerer Anne Lise Grøm og Bjørg Blom som skal slutte.

**17. des kl. 06.30 - Blomvåg kyrkje**  
Morgonmesse ved Espen Tveten. Song av Gospel teens. Nattverd.

**22. des kl. 11.00 Blomvåg kyrkje**  
Vi syng jula inn ved Anne Lise Grøm.  
Andakt ved Espen tveten. Mykje allsong.  
Musikk ved Øygarden skulekorps. Song av Lyskastaren barnekor og Øygardskoret. God kyrkjekaffi der vi markerer Anne Lise Grøm og Bjørg Blom som skal slutte.

**24. des kl. 11.00 Tednebakkane omsorgsenter.**  
Julaftangudsteneste ved Espen Tveten.

**24. des kl. 14.30 Blomvåg kyrkje**  
Julaftangudsteneste ved Knut Kaldestad. Renate Sæle er med på kornett. Kollekt til misjonsprosjektet i Thailand.

**24. des kl. 16.00 Blomvåg kyrkje**  
Julaftangudsteneste ved Knut Kaldestad. Song av Gospel teens. Kollekt til misjonsprosjektet i Thailand.

**24. des kl. 16.00 Hjelme kyrkje**  
Julaftangudsteneste ved Espen Tveten. Belinda Tomic er med på kornett. Kollekt til misjonsprosjektet i Thailand.

**25. des kl. 12.00 Blomvåg kyrkje**  
Høgtidsgudsteneste ved Knut Kaldestad. Offer til Kirkens SOS. Nattverd.

**26. des kl. 12.00 Hjelme kyrkje**  
Høgtidsgudsteneste ved Espen Tveten. Offer til Kirkens SOS. Nattverd.

**1. jan kl. 12.00 Hjelme kyrkje**  
Høgtidsgudsteneste ved Espen Tveten. Nattverd

**5. jan kl. 11.00 Sotra Arena**  
Fellesgudsteneste for alle kyrkjene i (nye) Øygarden.

**12. jan kl. 11.00 Hjelme kyrkje**  
Gudsteneste ved Knut Kaldestad. Dåp. Nattverd

**19. jan kl. 11.00 Blomvåg kyrkje**  
Gudsteneste ved Espen Tveten. Nattverd. Søndagsskule.

**26. jan kl. 11.00 Hjelme kyrkje**  
Gudsteneste ved Espen Tveten. Nattverd. Søndagsskule

**2. feb kl. 11.00 Blomvåg kyrkje**  
Gudsteneste ved Espen Tveten.

**9. feb kl. 11.00 Hjelme kyrkje**  
Gudsteneste ved Knut Kaldestad.

## Døyppte

### Blomvåg

- Håkon Steinestø, Flotevegen
- Filippa Constance Blom, Blomgangstø
- Victoria Langhelle Hovland, Torsvik
- Nikolai Turøy Blom, Veslevarden
- Finn Ola Stevenson, Oslo

## Vigde

### Blomvåg kyrkje

- Katarina Oen-Hagen og Christer Oen Hagen (Kyrkjekontoret)

## Døde

### Blomvåg

- Per Alsos Hjertø, Rong f. 1948
- Ingrid Aslaug Herdlevær, Herdlevær f. 1924
- Anna Herdlevær, Bergen f. 1942
- Gudrun Halland, Rong f. 1922
- Berit Mary Blom, Blom f. 1931

### Hjelme

- Liv Dale, Nautnes f. 1932
- Karl Ragnvald Heggøy, Heggøy f. 1923
- Oddlaug Johanne Solås, Hellesøy f. 1934
- Nils Martin Hellesund, Bakken f. 1937

## Bibeltimar

### Nautnes bedehus våren 2020

Torsdag 23. januar kl 19.00  
Roger Nesja

Torsdag 20. februar kl 19.00  
Asle Hetlebakke

Torsdag 19. mars kl 19.00  
Asle Hetlebakke

Torsdag 23. april kl 19.00  
Christian Skoge

Torsdag 7. mai kl 19.00  
Rune Ludvigsen

### Etter bibeltimane vert det kveldsmat og samtale.

Hellesøy/Nautnes/  
Tjeldstø bedehus

# v:pps

Vipps er ein effektiv måte å gi ved kollekt og når du t.d. skal betale for ein leir på Skjergardsheimen.

Dette er våre vippsnummer

**Hjelme kyrkje: #75628**

**Blomvåg kyrkje: #75632**

**Leiropphald på Skjergardsheimen: #75635**

Vippsnummera som er knytt til kyrkjene kan du bruke når du skal gi kollekt i ei gudsteneste eller om du set heime og vil gi. Enten du skal gi ein kollekt eller betale for eit leiropphald er det viktig at du skriv i referansefeltet dato og kva det gjeld.




Du kan også lese om kyrkja si verksemd på:  
[kyrkja.no/oygarden](http://kyrkja.no/oygarden)

**Distribusjon i  
Hjelme og Blomvåk sokn:**  
Hammer transport, tlf. 92063006

**Distribusjon utanfor  
Hjelme og Blomvåk sokn:**  
Posten Norge

**Returadresse:**  
Øygarden kyrkjekontor  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume



**Dåp**

## Velkommen til å feire dåp i kyrkja!

Når eit barn blir båret til dåp, blir vi mint om at ingen kan bere seg sjølv. Gjennom dåpen blir vi ein del av eit fellesskap som strekker seg over heile verda – og gjennom alle tider. Det er ei markering der barnet har alle sine viktigaste støttespelarar rundt seg, og der Gud lover å følge barnet alle dagar.

For informasjon ta kontakt med kyrkjekontoret på tlf. 55 09 74 40 eller e-post til [post.oygarden@kyrkja.no](mailto:post.oygarden@kyrkja.no)

  
**DEN NORSKE KYRKJA**  
Øygarden kyrkjelege fellesråd

## KONSERTAR I KYRKJENE I DESEMBER

BLOMVÅG KYRKJE  
**Torsdag 12. des. kl 20.00:**  
Rong brass

HJELME KYRKJE  
**Søndag 15. des. kl. 17.00:**  
Vi syng jula inn:  
Øygarden skulekorps, 12Manna,  
Øygardskoret og allsong

HJELME KYRKJE  
**Torsdag 19. des. kl. 19.00:**  
Kor i Øygarden og Anita  
Heggholmen med band

BLOMVÅG KYRKJE  
**Søndag 22. des. kl. 11.00:**  
Vi syng jula inn  
Lyskastaren, Øygarden skulekorps,  
Øygardskoret og allsong



DEN NORSKE KYRKJA



## MORGONMESSE

BLOMVÅG KYRKJE  
**17. desember kl. 06.30**  
ved Espen Tveten  
Gospel teens synger